

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
024/2017	Formannskapet i Radøy	PS	04.05.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	17/859	17/5353

## Spelemidlar til lokale kulturygg - Prioritering av søknader

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune lyser ut tilskot til lokale kulturygg, som er ein del av spelemiddelordninga. Kommunen skal prioritera innkomne søknader gjennom politisk vedtak, og senda søknadene over til fylkeskommunen til vidare handsaming.

Tilskotsordninga for lokale kulturygg skal medverka til eigna lokale og bygningar som gjev rom for ulik kulturell verksemd. Bygningane skal fungera som kulturelle møtestader for lokalmiljø og/eller region. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturhus, men ikkje til ordinært vedlikehald eller drift. Utearena for kulturell verksemd er òg omfatta av føremålet.

Det er kome inn éin søknad i Radøy kommune i denne søknadsrunden. Denne søknaden gjeld lagertilbygg på Samfunnshuset Skogen Sletta.

#### Vurdering

Samfunnshuset Skogen Sletta er eit fleirbrukshus som mellom anna vert nytta til idrettsskule, turn, konserter, revy, basarar, 17. mai og ei rekke andre arrangement. Skogen Sletta er det viktigaste samlingspunktet for Sletta-bygda, men også eit viktig kulturygg for heile kommunen.

Samfunnshuset Skogen Sletta søker no om midlar til eit tilbygg som skal nyttast til lagring av utstyr. Eit slikt tilbygg vil gjera det langt enklare for alle som brukar bygget og også gjera at ein kan kjøpa inn meir utstyr til ulike aktivitetar. Total kostnadsramme på prosjektet er kalkulert til 1 036 250. Dei søker om kr 330 000.

#### Konklusjon

Det er kome inn éin søknad til ordninga lokale kulturygg i Radøy kommune. Denne søknaden frå Samfunnshuset Skogen Sletta vert difor prioritert.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune prioriterer søknader om tilskot til lokale kulturygg 2017 som følgjer:

1. Samfunnshuset Skogen Sletta

**Formannskapet i Radøy - 024/2017**

**FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samråystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**FS - vedtak:**

Radøy kommune prioriterer søknader om tilskot til lokale kulturbygg 2017 som følgjer:

1. Samfunnshuset Skogen Sletta

**Vedlegg:**

Søknad om tilskot til tilbygg Skogen Sletta

Samfunnshuset Skogen\_elektronisk søknad om spelemedialar til idrettsanlegg